

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

Oppdatert 27.05.2002

HANDSAMING AV SKADE PÅ UTESTÅANDE FISKEREISKAP.

Krav om erstatning skal fremjast gjennom Fiskeridirektoratet. For skader påført fiskereiskap av utanlandske trålarar gjeld følgjande:

Melding om påført skade

1. Tap av reiskap skal meldast omgåande til Kystvakta. Kystvakta sender snarast vidare sin rapport direkte til Fiskeridirektoratet.
2. Utan opphald skal skaden meldast til politiet i distriktet, som opptek forklaring av skadelidne. Politiet skal ikkje hente inn rapport eller forklaring av sjef for kystvaktfarty utan at særlege grunnar tilseier dette. Likeeins er politiet fritekne frå å hente inn vitneforklaringar frå mannskap o.a. dersom rapporten frå skipper på skadelidne farty inneheld alle naudsynte opplysingar, og dersom det ikkje er grunn til å tru at vitneforklaringar kan få fram fleire opplysingar av verdi for saka. Meldar skal gje dei opplysingar det vert bede om på vedlegg 1; ”Skjema for melding av skade på fiskereiskap”. Dette skjemaet skal fyllast ut av vedkomande politistyresmakt som mottek meldinga.
3. Vedkomande politistyresmakt sender utan opphald rapporten til Fiskeridirektoratet, Postboks 185 Sentrum, 5804 BERGEN.
4. Trålar nemnder er oppretta i samsvar med avtalar med Storbritannia, Forbundsrepublikken Tyskland, Danmark og Den Russiske Føderasjonen. Nemndene har ein representant frå kvar av dei to landa. Trålar nemndene skal i kontakt med partane prøve å oppnå forlik om erstatning for den skade det er sett fram påstand om.
5. Er skadevaldar frå land det ikkje er oppretta trålar nemnd med, sender Fiskeri- og kystdepartementet kravet om erstatning saman med dei faktiske opplysingar som ligg føre til Utanriksdepartementet, som gjennom sine ambassadar og konsulat søker å oppnå erstatning hjå rederiet til det skadevaldande farty. Skal dette gjerast må skadevaldar likevel vere godt nok identifisert.
6. For å oppnå erstatning er det viktig at reiskapane til skadelidne har vore godt nok merkte etter gjeldande norske lover og reglar. Omstende som tyder på at skadelidne sjølv er skuld i skaden må heller ikkje ligge føre.
7. Etter avtale med Den Russiske Føderasjonen og Noreg om handsaming av brukskollisjonssaker i trålar nemndene i dei to landa er foreldingsfristen 7 månader frå

skaden skjedde til saka skal vere medlemmane i trålarnemnda i hende. Handsaming av saker som er eldre enn 7 månader kan berre skje om medlemmane i nemnda einstemmig godtek dette.

8. Vert erstatning tilkjent gjennom trålarnemnd eller Utenriksdepartementet, skal erstatninga betalast ut til den skadelidne gjennom Fiskeridirektoratet.

Vedlegg 1: HEO-001 Skjema for melding av skade på fiskereiskap

Vedlegg 2: HEO-002 Skjema for opplysningar frå saksøkte ved krav i samband med skade på fiskereiskap

Oppdatert den 27.05.2002

**SKJEMA FOR MELDING OM SKADE PÅ FISKEREISKAP
(SKAL FYLLAST UT AV SAKSØKJAR)**

1. Saksøkjjar

a) Namn, reg.nr. og heimstad til fartyet:

.....
.....
.....

b) Namn og adresse til eigar:

.....
.....

c) Namn og adresse til skipper:

.....
.....

2. Saksøkte

Namn, reg.nr., heimstad og nasjonalitet til fartyet:

.....
.....

3. Nøyaktig tidspunkt då hendinga skjedde. Klokkeslett i norsk tid og UTC (GMT) skal opplysast.

.....
.....

4. Staden der hendinga skjedde.

a) Namn på feltet:

.....

b) Posisjon i breidde- og lengdegrader:

.....

c) Korleis er posisjonen for staden der skaden skjedde fastsett?

.....

d) Dato og klokkeslett for utsetting av reiskap:

.....

e) Posisjon for endebøyer og midtbøyer med opplysing om djupn for reiskapane:

.....

.....

f) Kva utstrekning hadde reiskapane, kva retning var dei sett i og avstand mellom bøylene?

.....

.....

g) Var det andre fiskefarty eller bruksvaktfarty på feltet? Var det alt fiska på feltet av andre fiskefarty før skadelidne starta sitt fiske?

.....
.....
.....

h) Kven hadde oppsyn med utsett reiskap?

.....
.....

5. Nøye utgreiing om merking, lys, flagg, radarreflektorar og kor synlege bøylene var:

.....
.....
.....
.....

6. Vart hendinga observert av kystvaktfarty eller andre farty?

(Gje opp namn og reg.nr.)

.....
.....
.....

7. Er reiskapstapet meldt Kystvakta eller hamnekapteinen? I tilfelle kva tid?

.....
.....

8. Fekk skadevaldar melding om det som hadde hendt på staden?

(Eventuelle merknader frå skadevaldar)

.....

.....

.....

.....

9. Grei ut om signal frå skadelidne farty for å oppnå merksemd (bruk av lyskastar og eventuelle andre midlar) for å hindre skaden og påkalle merksemd:

.....

.....

.....

.....

10. Kven ga melding om utsetting av dei fastståande reiskapane? Kven fekk meldinga og på kva tidspunkt fekk ein denne meldinga?

.....

.....

.....

.....

11. Vertilhøve, sikt, straum, radartilhøve m.m.

.....

.....

.....

12. Skisse som viser hendinga på eit maritimt merkatorkart av største målestokk med posisjonsrammer, plassering av farty og reiskap, lengd på reiskapen m.m. på det tidspunkt hendinga skjedde, og før hendinga skjedde (peilingar, avstand mellom dei farty det gjeld og til andre farty – utarbeiding av særskilt skisse)

13. Kan det hevdast at skadevaldar har synt aktløyse?

.....
.....

14. Vart det prøvd berging eller sokning etter dei tapte/skada reiskapane?

.....
.....

15. Var dei tapte/skada reiskapane nye?

.....
.....
.....

16. Ynskjer skadelidne å få utbetalt forskottserstatning?

.....
.....

17.

- a) Dato då skipperen personleg møtte fram for å gje rapport til politi eller hamnekaptein?

.....
.....

- b) Har det gått meir enn ein månad frå hendinga skjedde til rapport er levert til politi eller hamnekaptein, må grunnar til forseinkinga gjevast opp:

.....
.....

18. Skada reiskap eller restar av reiskap som er berga må takast vare på for inspeksjon. Om dette ikkje er mogeleg skal det grunngjevast. Etter inspeksjon må det mellom anna gå fram kor mange garn, liner og liknande det er berga restar av, verdien på desse og om dei kan reparerast. For reiskap eller deler av reiskap som har kome bort i sjøen, eller som ikkje er teke vare på, skal det skriftleg stadfestast av skipperen og to av mannskapet om kor stort dette tapet er.

Opplysingar om omfang på skaden, kor mykje den utgjer i verdi samt storleik på erstatningskravet medrekna fangst- og tidstap, skal utarbeidast i særskilt spesifisering. Det skal opplysast nærare om korleis kravet om fangst- og tidstap er utrekna.

I tillegg til ovannemnde opplysingar skal skadelidne gje ei personleg framstilling av hendinga og nærare omstende i samband med denne.

19. Når norske fiskarar er skadelidande er politiet fritekne frå å innhente rapport eller forklaring av sjef for kystvakt- eller bruksvaktfarty dersom ikkje særlege grunnar tilseier at dette vert gjort. Politiet er og fritekne

frå å innhente vitneforklaringar frå mannskap o.a. dersom rapporten frå skipper på skadelidne farty inneheld alle opplysinger som trengst, og det er grunn til å tru at vitneforklaringar ikkje vil få fram fleire opplysingar av verdi for saka.

Politiet sender saksdokumenta til:

Fiskeridirektoratet

Postboks 185, Sentrum

5804 BERGEN

Kystvakta sender omgåande sin rapport om reiskapstap direkte til

Fiskeridirektoratet.

Stad.....Dato.....

.....

Politistyresmakt

.....

Skadelidne

HEO – 002

Vedlegg nr. 2

Oppdatert den 27.05.2002

**SKJEMA FOR OPPLYSINGAR FRÅ SAKSØKTE VED KRAV I
SAMBAND MED SKADE PÅ FISKEREISKAP**

1. Namn, reg.nr. og heimstad til farty til saksøkte :

.....
.....
.....

2. Namn og adresse til eigar:

.....
.....

3. Namn og adresse til skipper:

.....
.....

4. Namn på

feltet:.....

posisjon:.....

Dato og klokkeslett til fartyet

UTC(GMT):.....

.....

5. Når kom De til fiskefeltet nemnt i pkt. 4, dato og klokkeslett – Tid til fartyet og UTC (GMT)?

.....
.....

6. Var det andre fiskefarty eller fiskereiskap på feltet då De kom dit?

.....
.....
.....

7. Kontakta De Kystvakta eller andre farty for å få kjennskap til posisjon og utstrekning til fiskereiskap som alt var sett ut på feltet?

.....
.....
.....

8. Opplysingar om tråling eller utsetting av fiskereiskap:

a. Dato og klokkeslett då trål/reiskap vart sett ut? – Tid til skipet og UTC (GMT):

.....
.....

b. Kvar vart trål/reiskap sett ut?

Posisjon:.....

Djupn:.....

c. Trålkurs og djupneområde eller retning og utstrekning for fiskereiskap?

.....
.....

d. Dato og klokkeslett då trål/reiskap vart heva inn.
Tid til skipet og UTC (GMT)?

.....
.....

e. Kvar vart trål/reiskap heva/halt inn?

Posisjon:.....

Djupn:.....

f. Kor mange nautiske mil vart det tråla?

.....

g. Vart det under tråling/utsetting observert andre farty/reiskap?

Gje opp peiling og avstand:

.....
.....
.....

Opplysningane i punkt 8 skal stadfestast med fotokopiar eller avskrifter av fangst- og/eller skipsjournalar og andre dokument som kartskisser med avteikning av situasjonen med trålkursar og plasseringar av reiskap. Ved fleire hal/utsettingar av fiskereiskapar på feltet, skal dei nemnde opplysingar gjevast for kvart enkelt hal/utsett av fiskereiskap.

9. Vart det under tråling/utsetting observert signal for merksemd eller oppkalling over radio frå andre farty?

.....
.....

10. Vart det funne indikasjonar på at andre reiskap var skada eller rørt ved?

.....
.....
.....

11. Vart reiskapstap observert av andre farty i området? Gje opp namn, reg.nr. og nasjonalitet:

.....
.....
.....

12. Grei ut om lanterneføring og/eller merking av fiskereiskap og kvar reiskapen var avgrensa:

.....
.....
.....

13. Vertilhøve, sikt, straum, radartilhøve m.m.:

.....
.....

I tillegg til ovannemnde opplysingar skal skipper gje ei personleg fremstilling av omstenda kring hendinga, samt leggje fram forklaringar frå andre medlemmer av mannskapet.

Stad:..... Dato.....

Underskrift